



Tore Stusdal  
Midtneset 31  
5994 VIKANES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2758 - 17/14270

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammar  
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:  
16.05.2017

## Svar på søknad om nydyrkning på gbnr 216/1 Stusdal

Syner til søknad om nydyrkning motteke 12.08.2017. Ein beklagar at de har teke så lang tid å gje eit svar på søknaden.

### Dokument i saka :

- Søknad om nydyrkning m/ kart 1:5000, motteke 12.08.2016
- Uttale frå Hordaland Fylkeskommune, motteke 28.04.2017

### Saka gjeld :

Tore Stusdal, heimelshavar til gbnr 216/1, søker om løype til nydyrkning av 20 dekar myrjord. Truleg er myra grunn og har morenemassar under. Tore ynskjer meir vinterfør då han har planar om å byggja ny driftsbygning og utvida buskapen. Det er sauehald på garden.

**Lovverk :** Saka skal handsamast etter forskrift om nydyrkning (1997)

### Vurdering :

Dei moment som skal vurderast i saka er natur- og kulturlandskapsverdiar, evt konplikt med kjende kulturminner, konflikt med vassdrag, vegrettar/tilkomster. I det siste har også dette med klimagassutslepp knytta til nydyrkning av myr vorte problematisert.  
Saka har vore på høyring til regionale kulturmynde. Det er ingen kjende kulturminne i området.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg veklagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og vore på synfaring. Ein finn ingen kjende viktige naturtypar i tiltaksområdet eller nærområdet.



Det omsøkte tiltaket grensar inntil eksisterande dyrka mark og elva i nord. Mot myr i vest og mot planteskog av gran i sør og aust.

Når det gjeld belastning av vassdrag med næringsavrenning frå nytt jordbruksareal vil dette sjølv sagt vere ei ulempe med prosjektet. Slik er det med all jordbruksdrift / matproduksjon. Næringsavrenninga er så lita og vassføringa så stor i elva at det i liten grad vil påverka livet i elva.

Ved nydyrkning skal det settast igjen ei vegetasjonssone mot vassdrag. Langs vassdrag med årssikker vassføring skal sona vere minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årssikker vassføring skal sona vere minst 2 meter. Som vassdrag reknast stilleståande eller rennande overflatevatn med årssikker vassføring og vassløp utan årssikker vassføring dersom det skil seg tydeleg frå omgjevandane jfr §6 i forskrift om nydyrkning.

Det positive med tiltaket er at ein styrker næringsgrunnlaget i landbruket og matproduksjonen i Lindås kommune. Det er ei ønska utvikling.

Ingen tilkomstvegar/naboar vert råka av tiltaket og det treng såleis ikkje nabovarslast.

#### **Konklusjon :**

På bakgrunn av dei fakta og vurderingar som ligg føre gjev ein søkjær løyve til den omsøkte nydyrkninga på gbnr 216/1 Stusdal i Lindås kommune. Det må settast av 6 meter kantsone med årssikker vassføring.

#### **Vedtak:**

**Lindås kommune gjeve løyve til den omsøkte nydyrkninga på gbnr 216/1 Stusdal i Lindås kommune. Det må settast av 6 meter kantsone mot elva jfr Forskrift om nydyrkning. Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet må alt arbeid stoggast, og Hordaland Fylkeskommune varslast (Telefon 55 23 90 00).**

#### **Mynde :**

Saka er handsama etter delegert mynde frå Rådmannen.

Med helsing

Kjartan Nyhammar  
Landrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Tore Stusdal

Midtneset 31

5994

VIKANES